

Samandrag *Soga om Orvar-Odd* / *Orvar-Odds saga* / *Örvar-Odds saga*

Tala er kapittel

1. Oppvekst

- Son av Grim Loddenkinne på Ramstad i Namdalen, fødd på Berrjod (Berurjóðr, "Berglyd") i Sokndal, synst i Rogaland, oppvaksen der, i lag med **Åsmund**, som blir fosterbror og er med Odd så lenge han lever. Odd lagar seg spesielt pilekogger. 1
- Uvillig spådd der som ung: Blir stormann, skal leva 300 år, fara landimellom, heile verda, men døy på Berrjod, pga. ein viss hest. Odd får hesten drepen og graven djupt ned. 2

2. Sveineprøver med Ramstad som base

Odd fer "heim" til Ramstad, får base der. 3

- Får dei magiske pilene Gusesnautar av faren (som har dei frå sin far, Kjetil Høng, som har dei frå finnekongen Guse). Dei brukar Odd mot overnaturlige skapningar. 4
- Fer til **Bjarmeland** i lag med **Gudmund** og **Sigurd**, som han er i slekt med, plyndrar der, kjem seg unna, men har lagt seg ut med samar, som sender dei med storm til jotnar, som prøver å drepa dei (4-5). Kjem seg heim. 6
- Drep Halvdan viking ved Göta älv. 7
- Drep Sote viking ved Skien (? *Skíða*) 8
- Prøver å drepa vikingane **Hjalmar** og **Tord** i Svitjod, men dei er uslåelege, så dei slår seg i lag. 9 Hjalmar blir den nye bestevenen.

3. Lenger ut i verda

- Drep vikingbror på Sjælland. Odd og Åsmund er om vinteren i Svitjod. Hjalmar har kongsdotterkjærast der. Gudmund og Sigurd fer heim. 10
- Møtest ved Göta älv året etter, fer til Irland og plyndrar. **Åsmund drepen**. Jente lovar Odd magisk verneskjorte som bot; ho skal verne så lenge han ikkje flyr. 11
- Odd er i Danmark om vinteren. Neste sommar fer alle til Irland på nytt, Odd får skjorta – av Ælvør, som no er dronning. Odd lovar å vera der tre vintrar og verja mot vikingar, og gifter seg med henne. 12
- Drep Jåtmund konge i England og gjev landet til Skolle. 12

4. Møter erkefienden Ogmund

- Drep to vikingkongar ved Skien (?), men mistar flesteparten av sine folk. 13
- Møter like etter Ogmund Øytjuvsbane ved *Trønnavágar* (v. Göta älv?). Uavgjort slag, stort mannefall, avslutta med forlik. Ogmund bryt det og **drep Tord**. 13
- **Hjalmar drepen** av vikinghovdingen Anganty på Samsø. Odd tek med liket til Svitjod; kjærasten dør av sorg. 114-15
- Slag med vikingen Sæmund og hans hær i Gautland. Til slutt berre Odd, og då rømer han, men blir såra fordi skjorta då ikkje vernar han. 15

4. Langt ut i verda

- Odd fer til Ramstad og får med seg **Gudmund** og **Sigurd**. 17
- Dei fer til Aquitania i Sørvest-Frankrike, blir døypte. Gudmund og Sigurd slår seg til der. Odd fer vidare. 17
- Odd kjem til Jordanelva, badar der; fer vidare. 17
- Blir fanga av gribb og flogen til Risaland. 18

- Blir berga av jotun fordi Odd hjelper han, blir med heim til han. Har forhold til jotundottera Hildegunn, som blir med barn. Fører jotunen til ein bjørn som han kan bruke til å bli konge i Risaland. Slik kjem Odd seg bort. 18

5. I lag med Raudgrane (Odin)

- Odd vandrar ikring åleine, møter **Rauðgrani**. Han byr Odd fosterbrorskap med seg og heltane **Gardar** og **Sirne**. Raudgrane fortel at Ogmund vart laga med trolldom av bjarmane for å hemne herjinga der. No er han i England i lag med mora, som no er *finngalkn* 'kentaur'. 19
- Dei fer til England. Odd drep *finngalknit*. Gardar og Sirne overlever så vidt. Raudgrane er aldri til stades når det er strid. 20
- Er med Odd og Sirne og herjar i Europa i mange år. 20
- Odd leitar på ny etter Ogmund. Då kjem sonen han fekk med jotundottera, Vignir, 10 år gammal, og kan fortelja at Ogmund har gøymt seg i *Hellulands úbygðir*. 21
- Dei fer dit. Ogmund byr forlik, seier at dei aldri får has på kvarandre. Odd avslår, og Ogmund drep Vigne, og rømer. 22
- Raudgrane fortel at Ogmund er hos Geirrød jotun i Geirrødsgardane og er gift med dotter til Geirrød.
- Dit fer fosterbrørne. **Gardar blir drepen**. Odd får rivi ansiktet av Ogmund, Sirne får hoggi rumpeballane av han. Ogmund rømer på magisk vis. 23
- Etter dette er Raudrane borte, og det står at han var Odin. 23

6. Gjev seg ut for å vera fattig tosk

- Odd vil ikkje lenger ta med fosterbrør til Ogmund, så dei blir drepane. Vandrar ikring åleine. Dverg gjev han magiske steinpilar, til dei gongene Gusesnautar sviktar. 24
- Kjem kledd i never til kong Herraud i Gardarike. Gjev seg ut for å vera fattig tosk. Men hirdmenn eglar seg innpå han, og fenomenale evner og høg ætt kjem for ein dag. 24-27

7. Blir konge i Grekland, forlik med Ogmund

- Odd tek på seg å hente skatteinntekter frå landet Bjalke, for å få kongsdottera Silkesiv. Det klarer han, etter å ha drepi kongefamilien. Hovudstaden er Antiokia. 29
- Kong Herraud døy. Odd blir etterfølgjar og gifter seg med Silkesiv. no heiter landet *Grikkland* – altså Bysants?. 29
- Kong Kvillanus dukkar opp som konge i Holmgard. Går med maske. Odd sver at han skal finne ut kven han er, og fer med Sirne og stor hær. 30
- Kvillanus får støtte av kongar han har under seg i Gardarike, og samlar kjempehær. Det viser seg at Kvillanus er Ogmund, med maske over tapt ansikt. Dei fleste døy, men ingen vinn. 30
- Odd går åleine bort, kjem til Gallia, og så heim i sitt rike. 30
- Kvillanus / Ogmund sender gåver og tilbod om forlik, og det går Odd med på, for han innser at han aldri får has på han. Han er "eigi síðr andi en maðr". 30

8. Odd døy

- Odd fer heim til Ramstad og Berrjod. På Berrjod er det berre hustuffer. Odd finn ein hesteskalle som han pirkar borti. Ut kjem orm som bit han. 31
- Odd diktar kvede om livet sitt, og døy. 32

Eldar Heide 18.11.2010